

# Eksamen

29. mai 2018

TIP1003

Dokumentasjon og kvalitet

**Programområde:** Teknikk og industriell produksjon

# Nynorsk

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
<b>Bruk av kjelder</b>	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Vedlegg</b>	1
<b>Informasjon om vurderinga</b>	I denne oppgåva blir det lagt vekt på relevante kompetansemål frå læreplanen. Kandidaten skal med eigne ord beskrive utfyllande korleis oppgåva skal løysast.
<b>Andre opplysningar</b>	Ingen

## Oppgave 1

Du skal finne fram i sikkerhetsdatablad og stoffkartotek.

- a) Kva er eit sikkerhetsdatablad, kva inneheld det og kva kan du bruke det til?
- b) Kva er hensikta med eit stoffkartotek, og kva inneheld det?
- c) Du har eit malingsspann som er merka med YL3. Kva betyr YL3, og er det eit krav om å merke malingsspannet med dette merket?

## Oppgave 2

Du skal kunne vise til regelverk og standardar som er relevante for arbeidet du utfører i bedrifta.

- a) Ein standard som er mykje brukt for tida er 5S. Forklar kva 5S er, og kva du trur er grunnen til at fleire bedrifter bruker denne standarden nå. Lag gjerne eit eige eksempel på eit 5S skjema.
- b) Skal kvaliteten på produktet bli bra, må måleverktøya vere kalibrerte. Forklar og utdjup omgrepa *kalibrering*, *sertifisering* og *akkreditering*.
- c) Du produserer ein del som vart feil. Denne delen må gjennom ei avviksbehandling. Forklar kva som er viktig med avviksbehandling, og nemn eit tiltak som må gjerast etter avviksbehandlinga.

## Oppgave 3 (Vedlegg 1)

Du skal kunne fyller ut aktuelle rapporter og skjema i høve til arbeidsoppgåva.

- a) HMS er ein viktig eigenerklæring. Beskriv kva HMS står for, og kvifor dette er viktig.
- b) Du skal dreie ei søyle. Før du startar på denne jobben må du lage ein *sikker jobb analyse*. Lag ein *sikker jobb analyse* -rapport for denne jobben.
- c) Kva kan vi oppnå med å utføre ein *sikker jobb analyse*?

## Oppgave 4 (Vedlegg 1)

Du skal forstå og følge teikninga som du skal bruke når du skal produsere ei «søyle» (studer teikninga på vedlegg 1).

a) Kva betyr dette symbolet:



b) Kva er eit hovudriss? Forklar dei tre vanlegaste rissa som er på ei teikning.

c) Kor mange riss er det på teikninga «Søyle»?

d) Kva betyr symbolet til høgre, og korleis måler vi at delen er rett?



e) Forklar kva målestokk er, og kva er målestokken på teikninga? Gje nokre eksempel på kvifor vi bruker målestokk.

## Bokmål

<b>Eksamensinformasjon</b>	
<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
<b>Bruk av kilder</b>	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Vedlegg</b>	1
<b>Informasjon om vurderingen</b>	I denne oppgaven blir det lagt vekt på relevante kompetansemål fra læreplanen. Kandidaten skal med egne ord beskrive utfyllende hvordan oppgaven skal løses.
<b>Andre opplysninger</b>	Ingen

## Oppgave 1

Du skal finne frem i sikkerhetsdatablad og stoffkartotek.

- a) Hva er et sikkerhetsdatablad, hva inneholder det og hva kan du bruke det til?
- b) Hva er hensikten med et stoffkartotek, og hva inneholder det?
- c) Du har et malingsspann som er merket med YL3. Hva betyr YL3, og er det et krav om å merke malingsspannet med dette merket?

## Oppgave 2

Du skal kunne vise til regelverk og standarder som er relevante for arbeidet du utfører i bedriften.

- a) En standard som er mye brukt for tiden er 5S. Forklar hva 5S er, og hva du tror er grunnen til at flere bedrifter bruker denne standarden nå. Lag gjerne et eget eksempel på et 5S skjema.
- b) Skal kvaliteten på produktet bli bra, må måleverktøyene være kalibrerte. Forklar og utdyp begrepene *kalibrering*, *sertifisering* og *akkreditering*.
- c) Du produserer en del som ble feil. Denne delen må gjennom en avviksbehandling. Forklar hva som er viktig med avviksbehandling, og nevnt et tiltak som må gjøres etter avviksbehandlingen.



## Oppgave 3 (Vedlegg 1)


Du skal kunne fylle ut aktuelle rapporter og skjema i forhold til arbeidsoppgaven.

- a) HMS er en viktig egenerklæring. Beskriv hva HMS står for, og hvorfor dette er viktig.
- b) Du skal dreie en søyle. Før du begynner på denne jobben må du lage en *sikker jobb analyse*. Lag en *sikker jobb analyse* -rapport for denne jobben.
- c) Hva kan vi oppnå ved å utføre en *sikker jobb analyse*?

## Oppgave 4 (Vedlegg 1)

Du skal forstå og følge tegningen som du skal bruke når du skal produsere en «søyle» (studer tegningen på vedlegg 1).

- a) Hva betyr dette symbolet: 
- b) Hva er et hovedriss? Forklar de tre vanligste rissene som er på en tegning.
- c) Hvor mange riss er det på tegningen «Søyle»?
- d) Hva betyr symbolet til høyre, og hvordan måler vi at delen er rett? 
- e) Forklar hva målestokk er, og hva er målestokken på tegningen? Gi noen eksempler på hvorfor vi bruker målestokk.




$\nabla$  Ra3.2

Date: 05.04.18	Drawn: A.Sv	checked:	Material: Aluminium	Scale: 1:1	
Gen. surface finish: Ra 3,2			Drawing title: Søyle, Eksamen vår 2018		
Sharp edge to be broken			Part Number:		
General tolerances: NS-ISO 2768-1 m			<b>BRYNE VIDAREGÅANDE SKULE</b>		



-Blank side-



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)